

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 36/2012**

2012/EØS/43/03

av 30. mars 2012

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 3/2012 av 10. februar 2012⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2011/403/EU av 7. juli 2011 om endring av vedlegg II og III til avgjerd 2010/221/EU med omsyn til tilbakekalling av eit program for utrydding av bakteriell nyresjuka for territoriet til Storbritannia og godkjenning av eit program for overvaking av østersherpesvirus 1 μvar for Guernsey⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I til avtala kapittel I del 4.2 nr. 94 (kommisjonsavgjerd 2010/221/EU) skal nytt strekpunkt lyde:
"– **32011 D 0403**: Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2011/403/EU av 7. juli 2011 (EUT L 180 av 8.7.2011, s. 47)."

Artikkel 2

Teksta til avgjerd 2011/403/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 31. mars 2012, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 30. mars 2012

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Fungerande formann

⁽¹⁾ TEU L 161 av 21.6.2012, s. 5, og EØS-tillegget til TEU nr. 34 av 21.6.2012, s. 5.

⁽²⁾ TEU L 180 av 8.7.2011, s. 47.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.